



Gaular kommune

Etaten for landbruk/næring og teknisk

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Saksnr. 17/2075	Arkivkode FE - 233, FA - Q80	Journalnr. 17/8155	Dykkar ref.	Vår ref. JKB	Dato 30.10.2017
--------------------	------------------------------------	-----------------------	-------------	-----------------	--------------------

Merknad til Handlingsplan for trafikktrygging for Sogn og Fjordane 2018 - 2021

Viser til brev av 29.09.2017 om merknader/innspel til Handlingsplan for trafikktrygging i Sogn og Fjordane 2018-2021, saksnr. 17/1019-6.

Gaular kommune har innspel til kapittel 4 i planen, som omhandlar sikringsutstyr. Dette er eit særst viktig punkt i generell trafikktrygging, og då særleg når det kjem til born som er avhengig av vaksne til fysisk å verte festa, samt å få gode rutinar om sikring i bil.

I innleiinga står det at «Etter vegtrafikklova §40a har fylkeskommunen eit ansvar for å tilrå og koordinere tiltak til å fremme trafikktryggleiken i fylket.» I punkt 4.1 Mål skriv de at alle trafikantgrupper skal bruke godkjent sikringsutstyr for å unngå drepne og hardt skadde i trafikken. For å nå nullvisjonen om 0 drepne og 0 hardt skadde i trafikken må offentleg transport takast med i handlingsplanen. Den forma for transport utgjer ein stor del av trafikkbiletet med mange passasjerar som ikkje er nemnd i det heile.

I avsnittet som omhandlar sikring av barn i bil i kapittel 4 bør det også vere nemnd buss og taxi. Det er i dag mangelfullt utstyr og kunnskap om bruk av desse i offentleg transport. Det er viktig at også dei minste passasjerane har moglegheit til å reise trygt ved bruk av anna enn privatbil. Kategoriane babystol 0-13 kg, bakovervendt stol frå 0-9, 18 eller 25 kg, forovervendt stol 9-18 kg, beltestol/ pute frå 15 og 22 kg, burde vere tilgjengeleg i nok antal i alle buss –og taxiselskap. Taxi har ingen krav, og for buss skal det vere minst to sitteplassar som er godkjent for barn under 3 år eller minst to sitteplassar kor det kan festast sikringsutstyr for barn under 3 år, jamfør kjøretøyforskrifta. Eit barn under 3 år har som nemnd ovanfor ulike godkjente og anbefalte stoltypar, og bør difor kunne tilbys i tillegg til dei to som etter krava er integrerte i buss. Lovleg og trygt er ikkje det same.

På bakgrunn av dette meiner Gaular kommune at offentleg transport bør inkluderast i eige avsnitt i kapittel 4, og tabellen i punkt 4.1.1. Utanom buss –og taxiselskap kunne andre ansvarlege for tiltaka i tabellen kunne vere barnehagar og forsikringsselskap.

Med helsing

Truls Hansen Folkestad
leiar for etaten landbruk/næring og teknisk

Janne Kristin Bøyum
konsulent plan og næring

Dokumentet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.